

NordR – lokalt gitt eksamen (munnleg) 2010.

Til skolefagleg ansvarleg i NordR og andre med eksamensansvar

Organisering:

I møte den 03. september 2008 var det semje om at heile NordR inngår i eitt eksamensområde til munnleg eksamen. Etter eksamen i 2009 har ein regulert fordelinga i puljer.

Området vert delt inn i to puljer:

Pulje 1: Haugesund, Utsira, Bokn, Vindaffjord, Suldal og Sauda.

Pulje 2: Karmøy, Tysvær

Sensorbehovet vil vera om lag likt i begge puljene. Dersom vi kjem i manko, er det i tillegg mogleg å bruke sensorar internt i puljene dersom sensor kandidat ikkje har eigne elevar oppe..

For 2010 er datoane sett opp slik:

Pulje 1: Eksamen: mandag 14. juni. -Opplysning om eksamen: torsdag 10.06. kl. 0900

Pulje 2: Eksamen: fredag 18. juni. - Opplysning om eksamen onsdag 16.06. kl.0900

Tidsskjema for forarbeid:

01 april: **Rektor** melder frå til skolefagleg ansvarleg (SA) om kor mange sensorar skolen treng for å avvikle eksamen. (delingstal 10).

Rektor leverer oversikt til SA over dei lærarane ved skolen som har stilt seg til disposisjon som sensorar. Her kan ein nytta same malen til liste som tidlegare. *Viktig å få med mange, slik at vi kan dekke alle.*

25. april: **SA** sender oversikt til KMF over lærarar som har sagt ja til å vera sensor. Bruk ei liste for kvar skole. (digital innsending)

SA sender samstundes oversikt til KMF over kor mange sensorar den enkelte skole/kommunen treng for å gjennomføre munnleg eksamen i 10. klasse.

05. mai: **KMF** sender melding til SA i kommunane om munnleg eksamen med tildeling av sensorar til kommunen.

13. mai: **SA** sender melding og sensorliste til rektorane i sin kommune om munnleg eksamen.

14.-28.mai: Rektor utarbeider framlegg til eksamensopplegg på sin skole. **Opplegget skal godkjennast av SA innan 28. mai.**

Det vert elles vist til felles rettleiing for lokalt gitt eksamen i NordR. Den endelege oppdateringa i høve til forskrifta av 01.08.09 ligg nå føre på nettsida for eksamen i NordR. Det er ein føresetnad at kommunane som deltar i felles eksamensområde, gjennomfører lokalt gitt eksamen etter dei retningslinene som er gitt i den reviderte utgåva.

Kopervik, den 11. februar 2010

Kjell Mangor Flotve
Eksamenskoordinator NordR